



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Hilde Birgitte Kalleklev /
55516386

Vår referanse:
17/104352-2

Dykkar referanse: Vår dato:
16/1505 – 17/14196 14.09.2017

Uttale til offentlig ettersyn – Reguleringsplan – Fossemyra Idrettsanlegg i Meland kommune – PlanID: 20160006

Vi viser til varsel om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fossemyra idrettsanlegg, motteke 05.07.2017. Føremålet med planen er å leggje til rette for bygging av ny fotballhall for Idrettslaget Kvernbit.

Planområdet ligg på Fossemyra like vest for Frekhaug senter, ved Sagstad skule. Tilkomst er via fv. 244.

Ved varsel om oppstart bad Statens vegvesen om at det blei utarbeida ein trafikkanalyse som omtalar korleis trafikken vil endre seg ved bygging av hallen.

Statens vegvesen meiner at fv. 244 mellom Fossemyra idrettspark og Frekhaug ikkje toler auka trafikk av omsyn til dei mjuke trafikantane i langs vegen. Vi bad om det vert sett rekkjefølgjekrav om trygt gang- og sykkeltilbod langs fv. 244 før ein kan starte bygging av idrettshallen, dersom tiltaket vil skape meir trafikk.

Vi registrerer at det i trafikkvurdering (planskildring side 28), konkluderast med at oppføring av hallen ikkje vil føre til auka eller endra trafikksituasjon i området då aktiviteten på området allereie er opp mot maks i høve til kva anlegget har kapasitet til. Meland kommune stetter denne konklusjonen i sitt saksframlegg sist dagsett 20.06.2017. Kommune skriv at: *Eit rekkjefølgjekrav om gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen er ikkje vurdert som naudsynt i denne planen.*

Statens vegvesen stiller spørsmål ved dei vurderingane som er gjort. Etter vår vurdering kan etablering av hall utvide brukstida for anlegget, både på kveldstid og vinterstid, noko som vil føra med seg auka trafikk.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen ber om at dette vert gjort greie for og at kravet om opparbeiding av tilbod til mjuke trafikantar vert vurdert på nytt før 2. gongs handsaming.

Både lokale og nasjonale målsetningar legg opp til at fleire skal gå og sykle og visjon om null skadde og drepne i trafikken skal leggjast til grunn. Om vi skal nå desse målsetningane må det leggjast til rette for tryggje gang- og sykkelveggar. Omsynet til trafikktryggleik er særleg viktig i slike område der mange born og unge ferdast, både til og frå skule og idrettsanlegg.

Statens vegvesen vil fremja krav om opparbeiding av tilbod til mjuketrafikantar i alle saker som inneber auka trafikk på dette strekket av fv. 422 som i planarbeid for gnr. 24 bnr. 7 m.fl. Langeland.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Hilde Kalleklev
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Label_Kopi til
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN